

Årsmelding for 2014

Årsmøtet for 2014 vart halde på Bryne Kro og Hotell, fredag 7. mars 2014, med 39 frammøte.

Det store frammøte til årsmøtet seier mykje om interessa for Jersey-rasen, og den har ikkje vore dalande siste året. Tvert imot. Som dei førre åra var 2014 eit travelt år med stort engasjement rundt Jersey-rasen.

Styret i Norsk Jersey hadde 5 styremøte i 2014 og behandla 15 saker. Saker som går att er tilgang på sæd og livdyr. Styrearbeidet fungerer godt.

I 2014 var det 534 buskaper som nytta Jerseysæd, dette er ein nedgang på 21 frå året før. 201 av desse nytta meir en 5 doser. Det er i året selt 3537 doser vanleg sæd og 1459 doser X-vik sæd. Denne sæden er frå VIKING og vert importert og distribuert av GENO. I januar hadde me eit kontaktmøte med GENO. Konklusjonen frå møte er at samarbeidet fungerer godt og at begge parter er nøgde.

Tabellen under syner korleis medlemmane er fordelt rundt om i landet.

Fylke	Medlemer
Rogaland	132
Oppland	52
Sogn og Fjordane	51
Hordaland	49
Trøndelag	49
Møre og Romsdal	38
Agder	27
Nordland	26
Buskerud	25
Hedmark	21
Akershus	16
Troms	16
Østfold	13
Telemark	11
Vestfold	6
Finnmark	1
Totalt	533

På styremøtet i januar gjekk styret inn for å bruka facebook til formidling av livdyr. Det ser ut til å fungera, stor interesse for kjøp, men lite til salg. Det håpar styret vil koma etterkvart. Til denne tid er det helst Jæren som står for rekruttering og livdyr-levering. Det er to års venting på livdyr no. Difor oppmodar styret alle om å bruka kjønnsseparert sæd, for å skaffa livdyr. Prisane på livdyr er gode.

Styret ser også bruk av embryo som ein fornuftig del av det å skaffa gode produksjonsdyr. Interessa for dette er stigande. Styret arbeider med fleire alternativ for å tilby frosne og ferske embryo til dei som er interesserte.

Iførste omgang ser ein gjerne føre seg eit lager med frosne embryo frå Danmark. Etter kvart vil ein og få embryo av norske Jersey-kyr, men det er nok lurast å venta til ein har avlsverdi på dei dyra ein

vil skyla. Det er rimeleg å tru at dette er ein del av framtida, og tanken er at NJ så snart som råd vil koma med tilbod om dette.

Etter ein periode med noko redusert tilgang på X-vik säd har situasjonen frå sommaren 2014 vore god. Framover ser det og godt ut. Frå starten av April vil det vera X-Vik säd på lager av tre ulike okser. Noko av denne sæden vert lagra på Særheim. Dei som har eigen dunk treng då ikkje spesialbestilla av desse tre oksane.

GENO valde i januar å avslutta vidare arbeid mot medlemskap i NAV i denne omgang. På bakgrunn av dette, og i samråd med GENO, har NJ teke kontakt med TINE og NAV for å sjekka ut muligheten for å få dei norske Jersey-kyrne berekna saman med Viking Jersey. Då vil me få avlsverdiar på dyra og dei kan bidra i avlsarbeidet til Viking.

Ku Kontrollen er under stadig utvikling. Data i tabellen under kan alle henta ut av KK.

Rasestatistikk for Jersey.

Tal dyr	2012	2013	2014
Kyr	1564	1466	1453
Kviger	1347	1484	1839
Okser	390	454	538
Årskyr reinrassa	1348	1346	1364
Avdrått			
Kg mjølk	5989	6069	6166
EKM	7653	7858	7992
Fett %	5,90	5,99	5,96
Protein %	3,92	3,92	3,99
Semin			
Ant. Ins	2768	2790	2911
Samme rase	2204	2409	2573
Kalver etter semin	74,5	80,2	81,5
% ins KSS	14,9	26,8	27,2

Vedtektskomite

Årsmøtet i 2014 gav styre i oppgåve å oppnevna ein vedtektskomite med mandat til å koma med forslag til organisasjonsform og nye vedtekter. Vedtektskomiteen har vore samansett slik; Bjørn Lende (leiar), Tor Inge Eidesen, Per Herikstad og Per Ådne Skårland (for styret).

Aktivitetar

Jersey kurs i Trøndelag, sjå vedlegg til årsmelding frå Carsten Houman, Slagtekalverådgiving

Utstillingane

Jersey-kua vart godt presentert under Jærmessa 2014, med svensk dommar som gjorde ein god jobb. Sjå omtale på heimesida jersey.no. Kanskje fleire lokale utstillingar, Lyngdal og Trøndelag kunne få sine jersey-representantar? Eit ynskje og ei oppfordring for framtida!!
På Dyrskun i Seljord, var det ei jerseyku frå Buskerud som gjekk til topps og fekk Seljordprisen. Sjå omtale på heimesida av det òg.

Styret i NJ rettar stor takk til alle utstillarane som tek arbeidet med å stilla ut. Fleire er i gang og vil øva til neste år. Bra! Det trengs nye!

I november i samband med Agromek var ei gruppe på tur til Danmark. Den var svært lærerik og vellukka. Godt planlagd av danskane. Håpar fleire vert med viss me får sjansen ei neste gong. Sjå heimesida for meir.

Styret har siste året vore: Per Ådne Skårland formann, Olav Taksdal, Rune Bauge, Miriam Sør-Reime og Olav Rio Holstad

Vara: Olav Aasland og John Tjåland

Lønna sekretær: Marta D. Undheim

Web ansvarleg: Lars Undheim

Rekneskapsførar: Per Herikstad